

enger ikkje som historietime, for det finst av refleksjon, berre det absolutte.»

Om Orlando Coughs Stemmer

skal hjelpa oss å feira grunnlovsjubileet.



rane, palestinarane) og absolutt vondt (britane og deira medsamansvorne). Der er ingen spørsmål, berre svar, og Gough har dei alle.

Det er absurd.

ETNISK SUPPE

Musikken flyt søt og seig som sirup gjennom halvannen time. Så svakt er handverket til komponisten at jamvel Bergen Filharmoniske Orkester slit med å realisera partituret hans. Koret er samansett av både profesjonelle og amatørar, og det er komponert for vanskeleg, difor kverv mykje av teksten bort. Og den kaotiske koreograferinga er heilt mislukka.

Ulike etniske musikkstilar blir blanda etter regla: Di fleire ingrediensar, di betre blir sausen. Slik sjangerblanding har me halde på med i tretti år no – det er det minst originale trikset, men gjer seg perfekt på søknader om prosjektstønad. Kvifor ikkje lata hardingfele vera hardingfele, joik vera joik, indisk sitar vera indisk sitar? Nei, som komponist er Gough ein kontrollfreak som må omslyngja det originale og omdanna det til etniske parodiar i sitt eige bilete.

Det er keisamt.

BEST I VERDA

Stemmer seier oss: Me er komne fram, andre kulturar heng etter. Det er ei forteljing av historia som framsteg, som ei reise mot det stadig betre, fram til Noreg anno 2014, som er den beste av alle moglege verder. Toppen på blautkaka er avslutninga, der Gough lét eit barnekor med hendene i været læra oss: «Alle kulturer skal fremstilles og godtas som om det var din egen. Alle skal ha samme rettigheter, uansett farge, kjønn eller seksualitet.» Er dette ein lovtokst? Det er i alle fall ikkje poesi. Og kven er det mynta på? Om dette hadde vore framført i Iran eller Nord-Korea, hadde det vore råkande, men ikkje i Grieghallen.

UNØDVENDIG VERK

Denne kvelden såg me nasjonen redusert til ein Narkissos som masturberer til sitt eige spegelbilete, akkompagnert av indisk sitar, hardingfele, arabisk song og joik. Det er eit verk som verda ikkje treng. Om festspeldirektør Anders Beyer meiner alvor når han lovprisar det, treng ikkje Festspillene Anders Beyer.

SJUR HAGA BRINGELAND

KLASSISK MUSIKK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

Allsidig greve

Mortiz av Hessen-Kassel var mykje, mellom anna komponist.

CD



MORITZ
LANDGRAF
VON
HESSEN:
**Sacred &
Secular**

Works

WESER-RENAISSANCE,
DIR.: MANFRED CORDES. CPO 2014

«Moritz meistrar gresk og latin fullt ut, i tillegg til spansk, italiensk og fransk. Æra hans blir auka av fullstendige kunnskapar i filosofi og alle andre vitenskapar.» Dette skreiv ein av dei utsende diplomata til Medici-familien etter å ha møtt landgreve Moritz av Hessen-Kassel ein gong kring år 1600. Ikkje utan grunn er Moritz gått inn i tysklandssoga som «den lærde», for få fyrstar streva meir etter renessanse-idealet om å bli eit universelt dana menneske.

På dette albumet utforskar det tyske ensemblet Weser-Renaissance Moritz' musikaliske merittar, og dei opnar med ei tolvstemmig tonesetjing av Salme 120, *Eg ropa til Herren i mi naud*. Framføringa er framifrå. Komposisjonsstilen er gamaldags, med kompliserte saman-



«Fullstendige kunnskapar i filosofi og alle andre vitenskapar»: Weser-Renaissance tolkingar av dei storfelte korverka til landgreve Moritz av Hessen-Kassel (1572–1632) er framifrå. Foto: CPO

flettingar av melodilinjene, noko som gjer teksta vanskeleg å skjøna. Men den klære songstilen til Weser-Renaissance hjelper på, for røystene deira er vibratolause og diksjonen tydeleg. Moritz verdslege verk kling meir moderne – til dømes det intime luttstykket *Ballet* som luttinisten Joachim Held spelar.

Kor god var så renessansefyrsten som komponist? Musikken hans er solid handverk og syner innsikt i komposisjonsstilane i samtida. Men kor mykje hjelp han fekk av hoffmusikarane sine, får me nok aldri vita.

SJUR HAGA BRINGELAND

Romantisk lengt

Inderlege tolkingar av tre store liedkomponistar.

CD



MENDELSSOHN,
SCHUMANN,
BRAHMS:
Liebes-

treu


HELENE WOLD, SOPRAN; LIV GLASER, FORTEPIANO. LAWO 2014

Samspelet er glimrande mellom sopranen *Helene Wold* og Liv Glaser, som nyttar eit fortepiano frå 1825. Namnet på det nye liedalbumet er henta frå Johannes Brahms (1833–1897) alvorsame kjærleikssong «Liebestreu», eit intenet stykke som høver godt til Wolds operaaktige timbre. Tolkinga av Felix Mendelssohns (1809–1847) «Tanzt dem schönen Mai entgegen» er særskilt vakker. Den lystige valsetakta og dei søte mellomspela i klaveret

avslører at Mozart er førebiletet – ja, det er vanskeleg å lata vera å tenkja på Mozarts «Kom mai, du skjøne milde» når Glaser artikulerer dei perlande overgangane i høgrehanda så pynteleg.

Somme gonger bommar Wold noko på tyskkuttalen, med byting av «sch»- og «ch»-lydane, og i nokre av dei snøge partia kunne roysta vore meir rørleg. Men elles kling ho behageleg, særleg kvaliteten på det djupe registret er kraftig og sylvvore. Avslutningssporet er noko av det vakraste i heile liedlitteraturen: Robert Schumanns (1810–1856) stillfarande «Nachtlied» etter Goethes dikt «Ein Gleiches», der Glaser akkordar læt dulde på den måten som berre lét seg gjera på gode fortepiano.

SJUR HAGA BRINGELAND



Caspar David Friedrichs *Vandrarar over tåkehavet* frå 1818 er eit ikonisk uttrykk for den romantiske lengten. Foto: Wikimedia